



Tryggheimhelsing

Ei reise i historia

s. 8-9




Oppgradering
av naturfag-
avdelingen
s. 4



Ein dag som
politikar
s. 6



Misjons-
prosjektet
s.11



Rektor har ordet



Gjermund Viste

Identitetsskapande skule og internat

Elevane som kjem til Tryggheim, kjem hit med ein identitet, - med sin historie og bagasje. Deira identitet er imidlertid ikkje fast, men levande og i endring. Korleis kan vi bidra til at det vert bygd ein trygg identitet?

Det er både ei rik oppgåve og eit stort ansvar å ha med born og ungdom å gjere. Ifølgje ein dansk filosof held vi noko av elevens liv i vår hand... Kan det vere sant? Kan det vere rett? Løgstrup; "Den enkelte har aldri med et andet menneske at gøre uden at han holder noget af dets liv i sin hånd."

Eg trur Løgstrup har mykje rett i dette. Arbeidet i klasserommet, på internatet og i kantina må ikkje minst av denne grunn baserast på gjensidig respekt og tillit. Lærarar og servicepersonalet, vi er alle forplikta til å bry oss om elevane. Om elevane møter eit medmenneske i ein av oss, vil det vekkje ei positiv undring hjå eleven. På Tryggheim er menneskeverdet viktig. Me ønskjer å skape føresetnader for at kvar enkelt elev, uavhengig av ståstad, meiningar og interesser, skal kjenne seg verdsett og respektert. Det er sagt at "menneskeverd er den ibuande verdien eit menneske har, altså at verdien er i mennesket sjølv, ikkje kva mennesket gjer eller kven det er." Det er sant og det ønskjer vi å halde fast på.

Verksemdbasert vurdering er i år knytt til generell del i læreplanen, Læringsplakaten og Tryggheims kristne målsettingar. Vi har til no gjennomført undersøkinga i to av dei fire Vg3-klassane. Det er både oppmuntrande, oppløftande og gledeleg å sjå kva Tryggheim har betydd for dei som menneske, både når det gjeld identitet og som kristne! Dette vil vi kome tilbake til.

I tilbakemeldingane vert relasjonane med lærarane og andre i personalet løfta fram. Dette vert ikkje mindre interessant når den viktigaste faktoren for læring nettopp er positiv og støttande relasjon elev/lærar. Gjennom studia til John Hattie (Universitetet i Auckland på New Zealand, Visible learning) har vi blitt minna om at det faktisk er ein direkte effekt mellom det å bli sett, anerkjent, verdsett, respektert og handtert med verdighet på den eine sida og eleven si læring på den andre sida. Det syner seg at samspelet mellom elev og lærar er den desidert viktigaste faktoren for læring. Ein lærar skal difor leie klassen både med kontroll

og varme. Han skal utøve autoritet med varme. Dette må gjerne også elevane kjenne til – dei bør vite at dei faktisk nyt godt av det på læringsida, - det at lærar og elev er rause og anerkjenner kvarandre og har eit godt tilhøve til kvarandre.

Dei tre faktorane som skil seg ut med aller best læringseffekt er alle relatert til læraren: 1) Tilbakemelding (både frå lærar til elev, frå elev til lærar og frå elev til elev). 2) Positiv og støttande relasjon elev/lærar. 3) Struktur i undervisninga.

Dette er «back to basics», på mange måtar enkel skuleutvikling som er heilt gratis, som professor Johan From (BI) uttrykte det på ei KristneVGS-samling. From hadde fokus på eleven. Enkelt-elevens læring skulle vere kjernen i all skuleverksemd. Elevens læring i sentrum. Neste skall er også viktig, skulen sitt pedagogiske læringsmiljø. Dei skjulte variablane som hindrar skuleeffektivitet må ryddast av vegen, heldt From fram. Lærarar er alfa og omega for å auke læringa. Dei må tenke at alle elevane kan nå til topps. Men skular må ikkje stemplase ut frå elevresultat. Gode skular ut frå det er antakeleg like dårlege som dei dårlege skulane. Dei skulane som gjer gull av gråstein – det er dei beste skulane, konkluderte BI-professoren.

Sjølvbiletet er ein viktig del av identiteten vår. Det dreier seg om korleis vi ser på oss sjølv, på godt og vondt. Som kristen skule har vi gode føresetnader for å skape ein grunnleggande tryggleik hjå eleven. Gjennom den store Bibel-fortellinga kan vi halde fram at vi er ein del av skaparverket. Vi har ein start, skapt i Guds bilete, ei meining med livet og eit mål for reisa. Det å vere ein del av Guds plan gjev mennesket både tryggleik og verdi. I Salme 139,16-17 står følgjande; «Dine augo såg meg då eg berre var eit foster. I di bok vart dei skrivne opp, alle dei dagane som vart fastsette då ikkje ein av dei var komen. Kor dyrebare tankane dine er for meg, Gud!» Ein trygg plass å forankre sin identitet. Du er både tenkt, villa og elska av Gud.

Kjære nabo

Eg veit ikkje om du kjem til å lesa dette, men eg skriv eit brev til deg likevel. Det er jo ikkje så ofte me snakkar lenger. Som oftast kommuniserer me via Facebook eller SMS. Kanskje sender du ei melding om å få låna eit verkty, eller eg sender eit takk for at du sette ut søppeldunken på hentedagen. Det vert med det heilt kvardagslege. Me byrjar liksom ikkje å samtala om meininga med livet eller om kor me havnar etter døden når me skriv SMS.

Men det rare er at eg føler at eg burde ha snakka med deg for lenge sidan om nettopp desse tinga. Du veit eg er kristen, og når eg meiner at kristendommen har svar på dei aller, aller viktigaste spørsmåla i livet, er det eigentleg litt rart at eg ikkje har snakka med deg om det før. Eg er oppteken av å driva misjonsarbeid mellom unådde folkeslag, og eg har sjølv reist til Afrika for å fortelje om Jesus der, men å fortelje deg – min næraste nabo – om det same, det gjer eg ikkje. Eg forstår det om du synest det er litt rart. Det gjer eg sjølv også. Det er mitt ansvar. Eg har til og med fått det i oppdrag av han som eg kallar for min Herre. Men eg er så redd for at du skal tenkja at eg trengjer meg på, at eg plagar deg. Det hadde vore så mykje enklare om du stilte spørsmålet. Inntil vidare vonar eg at du ser ein forskjell på korleis eg lever, korleis eg snakkar og kva prioriteringar eg gjer, og at det kan seie deg noko om han som eg trur på.

Men det er jo ganske feigt likevel.

Ein kar som blir kalla Broder Andreas har sagt at «Det er fäfengt å tru at me kan utgjere ein forskjell for Kristus i eit fjernt hjørne av verda om me ikkje kan gjere det i egne nabolag, på våre skular og arbeidsplassar». Eg trur han har rett i det. Jesus si befaling om å gå ut og gjere heile verda til læresveinar, gjeld også å gå til nabolaget mitt.

Difor må eg byrje med deg, min kjære nabo. Eg trur rett og slett eg må be deg over på ein kaffikopp i romjula.

Helsing Knut

Lær oss elske hverandre, og se hva det er du har ment med at vi bor der vi bor! Hjelp oss vitne om Jesus for fjern og for nær, la ditt ord nå ut til hele vår jord!
Sigurd Lunde

Tid, sannhet og medier

Hvem er jeg i møte med de sosiale mediene? Hva er sant og sunt, og hvordan bli en mer reflektert og bevisst bruker av mediene?

■ Av Bjørg Topnes

Dette var noen av spørsmålene Ingrid Vatnar Olsen, ofte kalt IVO, tok opp da hun foredro for vg2- og vg3-elever nylig. Ingrid var elev på Tryggheim for et par år siden. Nå har hun studert livssyn og medier, og går på skrivekole for å bli tekstforfatter.

Noen kjenner henne trolig for blogginnlegget «19 år og jomfru» som hun posta i fjor høst der hun argumenterte for at sex tilhører ekteskapet. Blogginnlegget fikk mye oppmerksomhet i mange medier, men hun erfarte at når hun møtte andre med respekt, fikk hun respekt tilbake. Sosiale medier gir muligheter for å presentere meninger, var ett av poengene i foredraget.

Mesteparten av foredragstida snakket hun om de to medieutfordringene tid og sannhet.

- Ta fri fra sosiale medier i morgen, utfordret hun.

- Ingrid, hvorfor ville du holde foredrag om dette for Tryggheimelevene?

- Jeg vil formidle den samme sannheten som Tryggheim fronter. Dessuten er jeg interessert i norsk ungdomskultur – identitet, selvbilde og strevet etter å bli god nok. Alle blir påvirket av mediene, så vi må være bevisste for å møte påvirkningen på en reflektert måte. Det er dessverre ingen som snakker om at noe er rett og noe er galt, så vi trenger å høre sannheten.

Mennesket er skapt av Gud, og får verdi gjennom det. Vi er skapt til å gå i ferdiglagte gjerninger, understreker Ingrid. Dessuten finnes ikke det perfekte livet som så mange strever etter. Derfor må vi møte mediene med et kritisk blikk når det gjelder sannhet og løgn. Ha de kristne mediene som utgangspunkt i møte med populærkulturen, og vær klar over at du selv ikke trenger å bli en del av den.



IVO snakka om egne erfaringer da hun holdt foredrag for Tryggheim-elevene.

Skal jeg komme med et råd, må det være å holde seg til sannheten på alle områder i livet, avslutter IVO.

Oppgradering av naturfagavdelingen



Kristian, Anne Berit, Anne og Geir slapper av i den nye sofakroken.

Da Tryggheim ble videregående skole i 1983, oppstod behovet for spesialrom i naturfag, biologi, fysikk og kjemi. Et nytt bygg ble reist med to spesialinnredede klasserom og to små forberedelsesrom for kjemi og biologi. Alt som ikke fikk plass der, bl.a. alt fysikkutstyret, ble satt inn i skap langs veggene i klasserommene. Mellom de to klasserommene ble det plass til et lite arbeidsrom for realfaglærerne. Naturfagavdelingen var akkurat passe stor – for en stund. Så vokste skolen, det ble flere og flere elever, og flere lærere måtte ansettes.

■ Tekst og foto: Anne-Berit G. Aanestad

Nye garderober...

Så kom den store sykle-til-jobben-bølgen. De eksisterende garderoberne ble for små, og de svette syklende begynte å mase om bedre forhold for dusjing og opphengning av svetteluktende treningsklær. Utenfor naturfagbygget var det en stor ledig plattning – der kunne det bygges et garderobebygg med dusjer og god boltreplass for de sprekkeste blant oss. Da våknet naturfagavdelingen til for alvor, og påpekte at den plassen burde like gjerne utnyttes til nytt arbeidsrom for lærere – det er tross alt skole vi driver. Dermed ble det et kompromiss – nye garderober, en god del mindre enn de opprinnelig planlagte, og nytt arbeidsrom!

Oppgradering

Tilbygget stod klart til innflytting akkurat i tide til skolestart i august. I tillegg til større arbeidsrom – og garderober i en adskilt avdeling – ble det plass til et stort og et lite grupperom, kjøkkenkrok og personaltoalett, samt at fysikkseksjonen nå endelig kunne få et eget forberedelsesrom. Et lite kontor til avdelingslederen ble det jammen også.

De største forbedringene

Vi har spurt noen av naturfaglærerne

hva de synes er det beste med livet i nye lokaler.

Anne Berit Frøysnes: Det beste så langt har vært god plass og lyse, luftige lokaler. I tillegg er det kjempegreit med grupperom til både planlegging og samtaler med elever.

Geir Tjeltveit: Kjekt å få litt mer plass! Godt med litt avstand til kollegene, selv om de er greie og flinke med hygienien.

Carl Jakob Rørvik: Det er bare topp. Så mye bedre arbeidsforhold, samtidig som vi har bevart det gode kollegafellesskapet. Kjekt å være lærer når vi har det så bra.

Anne Fløysvik: God plass, nok hyller og ikke minst mye dagslys inn. Etter et år med tilspikrede vinduer i byggeperioden, merkes det veldig. Å ha grupperom til samtaler med elever, møter og lignende er svært praktisk. Og så er det kjekt å ha fått egen kjøkkenkrok der en ikke står og lurert på om oppvaskkosten sist ble brukt til kopper eller begerglass. Vi har fått kaffemaskin og kjøleskap, og bordet i sofagruppen er ikke nedlesset med utstyr til forsøk. Og siden det bare arbeider kjekke folk på naturfag, har vi det nå helt fantastisk!



Anne og Anne Berit ved sine nye fine kontorpulter.



Avdelingsleder Kristin er godt fornøyd med den nye kaffemaskinen.



Bjørn Anders på vei inn. En lang gang gjør at det er litt lenger å gå til arbeidspulten nå enn det var før.

Tryggheim vidaregåande skule

Nye medarbeidere:

Silje Hegelstad Undheim

kommer egentlig fra Ualand, men er i dag bosatt på Undheim sammen med mann og barn.
- 33 år.
- Lærer i engelsk, kristendom og norsk.
- Hun er glad når fiskeboller står på menyen.
- Hovedinteresse omfatter alt innen garn og pinner.
- Hun er opptatt av guttene sine, barnearbeid og trosopplæring for de yngste. Silje avslører at hun selv er tidligere elev ved Tryggheim vgs. fra 1998-2001, og ønsker å bidra til at dagens elever får det like godt som hun hadde det gjennom sine tre år på skolen.



Astrid Skåland

er oppvokst på Skåland ved Moi, men bor dette året, naturlig nok, på Nærbø i nær tilknytning til skolen.
- 20 år.
- Hun er en av tre miljøarbeidere på Tryggheim dette året. Hverdagen som miljøarbeider oppleves som en fest og en glede gjennom kjekke arrangement, lek og moro på fritiden sammen med flotte ungdommer.
- Kulinarisk favoritt er salsa-salat og kjøttdeig med spagetti og ketchup.
- Lese bøker, scrapbooking, venner, familie, Coca-Cola og alle slags mennesker er varierte fritidssysler.
- Astrid brenner for at mennesker skal bli kjent med Jesus, og at den enkelte har det bra.



Silje Stensland

er vaskeekte sørlandsjente fra Svennevik ved Lindesnes. For tiden er hun bosatt på Nærbø.
- Bikker 20 år 1. juledag.
- Hun er en av tre miljøarbeidere på Tryggheim dette året. Hovedformålet er å spre glede og kjærlighet ved å finne på lystbetonete ting, og sørge for at folk har det godt.
- Nyter gjerne chicken thai noodle soup på Kimemo-restauranten i Arusha, Tanzania.
- Av interesser trekker hun blant annet frem piano, sang, mennesker av alle slag, strikking, lesing, kaffe, reising – faktisk gira på det meste.
- Opptatt av misjon og at elevene på Tryggheim skal ha det superkult.



Jørgen Kvalvik

har Namsos som hjemby, men er dette året bosatt på Nærbø.
- 20 år.
- Han er en av tre miljøarbeidere på Tryggheim i år, og skal legge til rette for sosiale aktiviteter på ettermiddag, kveldstid og i helger.
- En god biff på restaurant i Bolivia er ikke å forakte.
- Denne karen er glad i styrketrening og klatring.
- Ønsker å bety en forskjell for elever på Tryggheim og at de får et møte med Jesus. Han har også lyst til at mennesker skal forstå viktigheten av en sunn og aktiv livsstil.



Randi Kristin Øgreid-Rondestveit

er født, oppvokst og bor fremdeles på Nærbø.
- 39 år.
- Lektor med undervisningsansvar i norsk og noe kristendom.
- Generelt glad i sterk mat.
- Glad i turer i flott natur.
- Brenner for friskoletanken hvor elever kan få mer enn bare faglig lærdom og bli dannet som hele mennesker, blant annet på skoler som Tryggheim.



Kjetil Fylling

er en stødig jærbu født på Kleppe, men har med tiden beveget seg helt til Frøyland.
- 46 år.
- Ny studieleder 2, som innebærer hovedsakelig administrativt arbeid med ansvar for valg av programfag, faggrupper og klasselister, samt personalansvar på elektroavdelingen og oversikt over personalbehov og stillingsstørrelser. I tillegg matematikk-lærer og støttelærer i diverse elektrofag.
- Spiser aller helst injera og wott (etiopisk mat) og pinnekjøtt.
- Interessefelter spenner over fotball, hus, hjem, familie og menighet.
- Opptatt av ungdom, undervisning og Jesus.



Christian Knoph

er vokst opp på Klepp og for tiden bosatt på Kverneland.
- 27 år.
- Kontaktlærer på elektrofag, underviser i programfag på dette utdanningsprogrammet.
- Liker best mors komle og sort kaffe i matveien.
- Fascineres av alt mellom antenne og jord – det vil si alt som går på strøm og kan styres.
- Han ønsker å skape gnist for elektrofag hos elevene og være en lærer som setter av tid til elevene.



Kristian Rød Klausen

trådte sine barnesko i Sande på Randaberg, men har nå tilholdssted lengre sør i fylket, nærmere bestemt Ganddal i Sandnes.
- 30 år.
- Begynte i lærerstilling i oktober med undervisningsansvar i matte og naturfag.
- Hevder å være altetende, men spiser helst indisk dersom han er ute på restaurant.
- Hverdagen utenom arbeid går blant annet med til familie, menighet, karate og Star Wars.
- Opptatt av at alle mennesker er verdt like mye. Han ønsker at verden skal lære å verdsette enkeltmennesket like mye som Gud gjør.



Ein dag som politikar



Delegatane frå Tryggheim ungdomsskule i forhandlingar med elevar frå andre skular. Frå venstre Tron Arild Grødem, Asle Dyngeland, Rebecca Svensen og Magnar Grødem. Foto Steffen Rogne/Hå kommune

- Det var litt skummelt. Men det er kult å ha gjort det, seier Rebecca Svensen etter å ha stått på talarstolen i Barn og unges kommunestyre i Hå.

■ Knut Reier Indrebø

Kvar haust vert alle skulane i Hå kommune inviterte til å senda representantar til Barn og unges kommunestyre. Frå Tryggheim deltok dette året tre ungdomsskuleelevar, som alle kom med innlegg frå kommunestyret sin talarstol.

Mange unge delegatar.
Foto Steffen Rogne/Hå kommune

- Alt skulle vera seriøst

Denne gongen var det kampen mot mobbing som var det store temaet. Rebecca Svensen tok opp temaet i sitt innlegg.

- Eg snakka om kva me sjølv kan gjera i kampen mot mobbing og kva skulen kan gjera med det. Det var skummelt når det var så mange som hørde på og at alt skulle vera så seriøst, seier ho.

- Eg har ikkje akkurat tenkt å bli politikar,



Rebecca Svensen gjekk på kommunestyret sitt talarstol for å snakka om kva ein kan gjera i kampen mot mobbing. Foto: Steffen Rogne/Hå kommune

men det var spanande å vera med på eit møte som dette, seier Magnar Grødem. Han stilte spørsmål til ordføreren om kva reglar som gjeld for kor framcomeleg det skal vera på sykkelstiane. Han fekk svar frå både ordførar og rådmann.

Forhandlar om fordeling

Barn og unges kommunestyre skal også fordela ein pott med pengar. Ungdomsskulane i kommunen skal i løpet av møtet verta einige om korleis 30 000 kroner skal brukast.

Åttandeklassing Asle Dyngeland la fram Tryggheim ungdomsskule sitt forslag om å bruka pengane til ei felles turnering for alle ungdomsskulane, i tillegg til eit opplegg med musikk og dans. Etter gruppemøter for dei ulike skulane og forhandlingar i kommunestyresalen, fekk forslaget hans fleirtal og vart vedteke.



Ungdomsskulen viser veg



Ingrid Lea Mæland frå Trygg Trafikk overrekkjer beviset på at Tryggheim ungdomsskule er trafikksikker til leiar Tron Arild Grødem. Foto Stein Erik Hauge.

Trafikksikker skule

Tidlegare i haust vart Tryggheim ungdomsskule formelt godkjent som trafikksikker skule. Også når det gjeld denne utmerkinga er Tryggheim ungdomsskule først ute av ungdomsskulane i Rogaland. Dette vart markert på ei fellessamling på skulen. Med besøk av Ingrid Lea Mæland frå Trygg Trafikk, Anne Berit Berge Ims, rådmann i Hå kommune og Mons Skrettingland, dåverande ordførar i Hå kommune. Det er Trygg Trafikk som godkjenner skular i denne ordninga. Å bli godkjend som trafikksikker skule inneber ikkje ein garanti for at ulukker ikkje skjer, men er eit kvalitetsstempel for godt og heilskapleg trafikksikker arbeid.

I samband med tildelinga starta kampanjen "Lys og refleks", der ein gjennom vinteren vil kontrollera om elevane bruker refleks på kleda og om dei har lys på sykelen. Nokre gonger vil lærarar eller andre på skulen gjennomføra kontroll, andre gonger er politiet på bana. På slutten av denne perioden vil ein klasse eller eit trinn få ein premie.

Tryggheim ungdomsskule er no offisielt sertifisert som både trafikksikker og dysleksivennleg.


■ Knut Reier Indrebø

Dysleksivennleg skule

Tryggheim ungdomsskule er den 25. skulen i Noreg som har fått stampelet dysleksivennleg, og den aller første ungdomsskulen i Rogaland med godkjenninga. For å bli dysleksivennleg skule må ein oppfylle ei liste med ti kriterier. Kriteria legg mellom anna vekt på at elevane skal ha tilgang til gode læremiddel, at skulen skal ha eit godt læringsmiljø og at ein har gode rutinar for arbeid med trivsel. Skulane må også sørga for god tilrettelegging ved eksamen og andre prøvar, og kunne vise til eit godt samarbeid mellom skule og heim.

- Prosessen me har vore gjennom fram mot godkjenninga har skjerpa oss med tanke på korleis me legg til rette for ulike grupper elevar på skulen. Slik trur eg me har blitt flinkare på tilpassa opplæring, seier leiar for ungdomsskulen, Tron Arild Grødem.

Dysleksiforbundet uttalar at «Ettersom en dysleksivennlig skule jobber systematisk med å sørge for at ingen elever faller etter, har det vært påpekt at en dysleksivennlig skule i bunn og grunn er en god skule for ALLE elever.»



Ei reise i historia



Karen Reiersen Undheim (fremst), Sara Kjær, Elisabeth Steinsland, Annlag Pettersen og Siri Vik la ned roser i konsentrasjonsleiren Ravensbrück i Tyskland. Totalt 110 VG2-elevar frå Trygghjem var på skuletur i Tyskland, Polen og Tsjekia i september.

Elevar og lærarar sat att med sterke inntrykk etter at dei besøkte tyske konsentrasjonsleirar, drygt 70 år etter at andre verdenskrig slutta.

- Tekst: Gunhild Haugstad Obrestad og Henrik Foss
- Foto: Håkon Mjøs

- Du lærer om den andre verdenskrigen på ein annan måte når du kjem til konsentrasjonsleirane. Det er annleis å lære om dei grufulle hendingane der dei skjedde, samanlikna med å sitje i klasserommet og høyre historiene. Når ein kjem til dei ulike leirane, er det enklare å forstå kva som verkeleg hende, seier Siri Vik. Ho var ein av totalt 110 elevar frå VG2 som var med på ein ti dagar lang skuletur til Tyskland, Polen og Tsjekia i september. Der besøkte dei tyske konsentrasjonsleirar og andre stader som var sentrale under andre verdenskrig.

Mange inntrykk

Nord for Berlin besøkte elevane konsentrasjonsleiren Sachsenhausen, der mellom anna nordmenn som Einar Gerhardsen og Arnulf Øverland sat fanga under krigen. Alle gutane som var med på turen, la ned kvar si rose ved minnesmerket over nord-

menn som mista livet i leiren. Same ettermiddag besøkte gruppa Ravensbrück, som var ein konsentrasjonsleir for kvinner. For eleven Siri Vik var det besøket i Ravensbrück som gjorde det sterkaste inntrykket på turen.

- Sjølv om vi ikkje hadde guide i den leiren, var det noko med stemninga i Ravensbrück som gjorde besøket spesielt. Fordi eg er jente sjølv, var det kanskje ekstra spesielt å vere i kvinneleiren, seier ho.

I Ravensbrück var det jentene sin tur til å leggje ned kvar si rose på vatnet ved eit minnesmerke over alle kvinnene som mista livet.

Tur med kontrastar

Elevflokken og dei åtte lærarane som var med på turen, oppheldt seg i den polske byen Krakow i tre dagar. Der opplevde dei mellom anna gamlebyen med sitt sjarmerande torg og kulturliv. Kontrastane



Elevane blei guida i konsentrasjonsleiren Auschwitz i Polen. Til høgre i billetet står Øyvind Granberg og Karen Reiersen Undheim.



Tryggheim-elevane såg mellom anna Holocaust-monumentet i Berlin. Det er eit minnesmerke over dei europeiske jødane som blei drepne under den andre verdskrigen.

var store frå saltgruvane med nydeleg katedral langt under jorda, folklorekveld med deilig mat og lokal dans og musikk til den grufulle, verkelege historia som møtte elevane og lærarane i dei to konsentrasjonsleirane utanfor Krakow. Auschwitz og Birkenau. Vondskap sett i system, ei fabrikkmessig og nøye planlagt utrydding av jødar gjekk føre seg der. Store mengder koffertar, hårfletter, briller, babytøy og sko i leiren vitnar om mennes-

ka som gjekk rett i gasskammera på denne staden. Elevane fekk òg eit vitnesbyrd om kjærleik midt i det umenneskelege, då dei fekk sjå cella der Maximilian Kolbe ofra livet sitt for ein medfange. Elevar las dikt og la ned blomar ved jernbanesporet som stoppa der livet til mellom 1 og 2 millionar jødar brutalt enda. På ein vegg i leiren kunne elevane lese dei tankevekkande orda om at den som ikkje har lært historia, er dømd til å leva ho om att.

Nordgård førebur elevane

Tryggheim-elevane som reiser på den årlege turen til Tyskland, Polen og Tsjekkia, førebur seg på ulike måtar. I forkant av turen i år heldt tidlegare Tryggheim-rector Asbjørn Nordgård foredrag om Auschwitz og jødane. Han understreka mellom anna at Holocaust tok totalt 6 millionar liv, og at talet svarer til éin 22. juli-massakre kvar dag i 213 år.

I 2014 gav Nordgård ut boka «Jøde i Norge», som fortel historia til jødane i Noreg frå 1680 til i dag. Då han gjesta Tryggheim tidlegare i år, fortalde han historia om jøden og trønderen Robert Savosnick, som er ein av personane som er omtalt i boka. 767 norske jødar blei deporterte under krigen. 737 av dei blei drepne, berre 30 overlevde. Savosnick var ein av dei få.

Den tidlegare Tryggheim-rectoren kjem att til skulen våren 2016. Då skal han førebu VG1-elevane som skal reise til Tyskland, Polen og Tsjekkia neste år.



Strykte fellesskapet

Då elevane og lærarane kom til Berlin på tilbakevegen til Noreg, hadde dei ei samling i sjømannskyrkja i Tysklands hovudstad. Dei song og tende ljøs i kyrkeromet. Siri Vik var ein av elevane som delte tankane sine etter fleire dagar med sterke inntrykk i konsentrasjonsleirar. Studieeleven frå Suldal meiner skuleturen var positiv på fleire måtar, både fagleg og sosialt. Ho nemner mellom anna at dagane i Tyskland, Polen og Tsjekkia gjorde noko med fellesskapet på tvers av klassane.

- Å vere med elevar i klassen sin og på tvers klassane i ein annan samanheng – altså utanfor klasseromma – synest eg var veldig kjekt. På turen blei ein kjent med folk på ein heilt annan måte, seier Siri. - Det som var spesielt kjekt, var at folk var veldig flinke til å skilje mellom når ein skulle vere seriøs, og når ein skulle ha det kjekt, legg ho til.

Medan dei 110 elevane frå Tryggheim var i Tyskland, Polen og Tsjekkia, var ei mindre elevgruppe på skuletur i Israel.

Tryggheimkalender

JANUAR

Man. 5. Skolestart
Tirs. 12. – søn. 17. Møteuker med «Visionteam», NLM
Fre. 22. – søn. 24. Besøkshelg

FEBRUAR

Man. 15. – fre. 19. Vinterferie
Ons. 24. Tryggheimbasar
Lør. 27. Foreldredag og Tryggheimbasar

MARS

Tirs. 1. – fre. 4. Leirskole VG1
Tirs. 8. – fre. 11. Leirskole VG1
Man. 21. Start påskeferie

TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:
Kjartan Håland (redaktør)
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Knut Handeland
Henrik Foss
Björg Topnes
Knut Reier Indrebø (ungdomsskolen)

e-postadresse: post@tryggheim.no

Kasserer: Elisabeth Krogedal

Bladet koster kr 100,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS
Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

Visste du at...

Iselin Aarsland Erikstad (HS/PB 02-05) og Helge Svindland Abrahamsen giftet seg 5. september.

Lars Jøran Storhaug (EL/ 05-08) og Elisabeth Ommedal giftet seg 5. september.

Toralf Tokheim (EL/PB 07-10) og Solveig Sandland giftet seg 3. oktober.

Kristine Friestad (HS/PB 05-08) og **Hans Olav Østebrod** (AF 05-08) giftet seg 10. oktober.

Anders Hauge Hognestad (HE/PB 12-14) gikk til topps i NM i Strongman som ble arrangert i Kristiansand i oktober, og kan kalle seg landets sterkeste i 80 kg-klassen

Vi gratulerer! Fortsett å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen.

3.-klassingene på Oslotur



Andreas Vold (fra venstre), Kristina Nødland, Emilie Osen, Synne Li Sunnarvik og Tonje Gerhardsen i NRK-studioet der programmene Brennpunkt og Aktuelt spilles inn.

En regntung novemberdag la 105 VG3-elever og 9 lærere ut på tur til hovedstaden der vi i noen dager skulle bo på Fjellhaug skoler og ellers ha et godt både faglig og sosialt program.

- Tekst: Anne Berit G. Aanestad
- Foto: Elever, lærere og Jon Almås

Fint samarbeid med Fjellhaug

Allerede på den første morgensamlingen fikk vi et hyggelig gjensyn med tidligere Tryggheimelever, som nå er elever ved Fjellhaug. På kveldsmøtet samme dag var det flere av lærerne som dro kjensel på taleren – det var tidligere Tryggheimelev Jostein Haugen, russ i 2009, og nå ferdig utdannet sykepleier i full jobb i Oslo. God informasjon om mulighetene for å studere videre ved Fjellhaug gjør nok at vi også i fremtiden kan få treffe flere tidligere Tryggheimelever der.



Realfagelevene på Teknisk Museum med lærer Carl Jakob Rørvik lett henslengt i forgrunnen.



Tonje Gerhardsen (f.v.), Sindre Tho, Henrik Foss og Andreas Vold foran maleriet «Eidsvold 1814» i Stortingssalen. Foto: Ingunn Foss

Variert program

Den første dagen var alle, både Tryggheimelever og bibelskoleelever, samlet til foredrag med Filip Rygg fra Skaperkraft. Han snakket om det svært aktuelle temaet «Flyktningene – er de vårt ansvar?» Vi fikk et veldig engasjert og interessant foredrag, og flere av tilhørerne stilte gode spørsmål i etterkant.

Ellers var klassene ute på litt forskjellige opplegg. Påbyggklassene fikk omvisning på Nasjonalgalleriet, Stortinget og NRK, og realfagelevene var bl.a. på Naturhistorisk museum og Teknisk museum. Elevene som har rettslære som fag besøkte Høyesterett og Politihøgskolen, mens de som har psykologi besøkte Kirkens Bymisjon og Nobels Fredssenter.

Lærer Vegard Ask hadde med seg en gruppe elever fra rettslære, sosialkunnskap og psykologi: «Vi hadde med oss 18 elever til Høyesterett hvor vi fikk omvisning i de ulike salene, samt høyesterettsbiblioteket. Elevene var engasjerte og aktive, og etter omvisningen ble det tid for en uhøytidelig "selfie" utenfor rettslokalene. På Stortinget

fikk vi blant annet se den staselige Stortingssalen, og etter omvisningen fikk vi møte Marie Ljones Brekke, som er vararepresentant på Stortinget for Geir Toskedal (KrF) fra Rogaland. Hun fortalte elevene om arbeidshverdagen på Stortinget og hvordan det er å kombinere politikk og familieliv. Elevene fulgte godt med og var aktive og stilte mange gode spørsmål».

Kjendiser i NRK

En av gruppene som besøkte NRK fikk møte de to Grand Prix junior-vinnerne fra 2012, Marcus og Martinus. Det var en stor opplevelse for en del av jentene som var med, og det spilte ingen rolle at de to kjekkasene er fem år yngre enn dem.

Den siste kvelden kunne de som ville bli med som publikum under innspilling av Nytt på nytt, et underholdningsprogram som sendes på NRK på fredager. Mange benyttet anledningen etter opptaket til å bli avbildet sammen med programleder Jon Almås.

Trøtte og slitne, men veldig fornøyde, kunne elever og lærere tumle av bussene vel tilbake på Trygheim fredag kveld etter fire dager på tur.



Etter innspilling av programmet Nytt på nytt fikk noen av elevene tatt «selfie» med programleder Jon Almås



Fornøyde PB-jenter fikk treffe heltene sine Marcus og Martinus, f.v. Emilie Osen, Synne Sunnarvik (foran), Gina Skretting, Marcus, Vilde Skretting, Martinus og Tonje Gerhardsen.

Mongolia-prosjektet


Elevrådet og russen har skoleåret 2015-2016 felles misjonsprosjekt i Mongolia. Prosjektet er tredelt, og pengene skal gå til å spre kunnskap og holdninger for å redusere barne- og mødredødeligheten, sosialt arbeid blant yngre barn på internatskoler og evangelisk arbeid som bibelskole, lønn til kirkeledere og kristne idrettsklubber.

OM-dagen

30. oktober var avsatt til innsats og inntekt for misjonsprosjektet. Vi har spurt noen elever om hva de gjorde, og fått dem til å ta bilde av seg selv mens de utførte oppdraget.

■ Tekst: Bjørg Topnes

■ Foto: Elever



Åse Ånestad, 3PBb

På OM-dagen stelte jeg i fjøset der jeg har helgejobb til vanlig. Det var ikke vanskelig å ordne seg jobb.



Joakim Sleveland Vassvik, 2TT

Jeg jobba på Hovland trevare, der jeg har praksisplassen min. Jeg fjerna lim, bora hull og olja glasslister. Det gikk veldig greit å få seg jobb. Jeg ringte dem, og de syntes det passa fint og mente at 400 kroner var greit. Nå regner jeg med at de har betalt direkte til Tryggheim.



Andrea Espedal, 2HEb

Jeg valgte å selge støttebevis til venner og familie. Da kunne jeg ta salget over en lengre periode og få inn mest mulig penger. Resultatet ble atten støttebevis, det vil si 720 kroner. Som tillits elev i klassen var det også min jobb å samle inn kontantene fra de andre i klassen.

Esther Ane Hodnefjell Vagle, 3PBb

Jeg var syk selve OM-dagen, men brukte en annen dag til å jobbe. Mor og far var lette å be, så jeg fikk vaske en god del og rydde enda mer hjemme. Det gode med sterkt møblerte rom er at det blir mindre å støvsuge.



Min camp



Marie Hansen.

Marie Hansen frå Egersund går andre året på studiespesialisering. Trass i at ho berre er halvferdig i vidaregåande, er ho opptatt av livet etterpå. Saman med 160 andre jenter frå heile Noreg var ho nyleg tre dagar på NTNU i Trondheim.

Universitetet i bartebyen arrangerte nemleg teknologicamp for jenter, og den leiken, den ville ho sjå. Med det sa ho takk til å prøve seg på kybernetikk, kommunikasjonsteknologi og fleire fag som høyrer til under IKT-paraplyen.

- Universitetet betalte reise, overnatting og mat, så det var eit flott tiltak. Hensikta med campen var å auka interessen hos jenter for IKT-fag og teknologi.

■ Tekst: Knut Handeland
■ Bilete: Marie Hansen/Knut Handeland

- Det står at campen er for smarte og kreative jenter som vil forme framtida. Ganske stramme krav?

- Det var eit nålauga å bli plukka ut, ein måtte oppgje standpunktarakterar og ha høg karakter i matte (R1/R2) samt skriva ei god grunngjeving. Eg har alltid gjort det godt i matte og har alltid likt faget, og er glad for høvet eg fekk.

- Kva dreiv de på med?


- Me fekk vera med på mykje artig; det var innføringskurs i hacking, me lærte å programmere trafikklys, og å laga varslings-system for potteplanter, slik at dei sender ein sms til eigaren når dei treng vatn. Så fekk me treffa utviklarane bak Kahoot, netquizprogrammet som vert brukt så mykje i skulen. I det heile både foredrag og praktisk læring.

- Tenkjer du at folk som ikkje klarar å halde liv i ein kaktus først og fremst treng fleire sms-ar, eller er det meir grunnleggande respekt for liv dei treng?

- Haha, ja teknologien sin framgang har sine positive og negative sider. Så lenge duppingsane som gjer kvardagen enklare ikkje får oss til å gløyme grunnleggande prinsipp og verdiar, er eg optimistisk. Eg ser likevel faren med «for mange sms-ar», og meiner det fins ei grense me ikkje må overskride. Men, for senile og fort-gløymande sjeler kan ein ekstra sms vere greit å få for å bevare livet.

- Kva fann du ut om livet etter vidaregåande?

- Opplegget var veldig lærerikt og avklarande for min del. Eg blei sikrare på at eg vil studera på NTNU, og samtidig tryggare på at eg truleg ikkje skal studera data eller programmering. Eg ønskjer å utdanna meg til noko der matematiske berekningar inngår som nyttige og nødvendige for å gjere livet enklare for folk og bedrifter. Men eg veit enno ikkje heilt kva for studium det blir, det står mellom 3-4 stykk. Kanskje det



Marie framfor NTNU.

blir noko som heiter Industriell økonomi- og teknologiledelse (IndØk), eit studium bror min allereie er godt i gang med, og som verkar interessant.

- Kunne du tenkje deg å bli student med ein gong, eller er det greit å måtte vente halvtanna år til?

- Trur det er godt at eg har eit par år igjen. Føler eg treng endå meir av dei grunnleggande realfagkunnskapane før eg går i gang med å anvende dei meir til dagleglivet i studia. Etter Tryggheim og 13 års strukturert og hard jobbing, ventar truleg eit år på Fjellhaug Bibelskole med tid til Han som verkeleg betyr noko. Det blir godt å få eit avslappande år med fokus på Bibel og livslæring, før matematikken og teknologien kjem dei fem påfølgande åra.



Tryggheimhelsing ønsker alle lesere en fredfull julehøytid og et velsignet godt nytt år.